

Årbok for Karmsund



HAUGESUND MUSEUM

Årshefte 1961-1965

Museums- og historielaget
for Haugesund og bygdene

1966

Gardar som høyrde til to prestegjeld

I Titus Bülche-manntalet for Skjold prestegjeld for 1665 har manntalsføraren, sokneprest Severin Frantzson, skrive i slutten av manntalet for Tysvær sokn som då høyrde til Skjold prestegjeld:

«Gismervig och Haasted, som ligger hvert andet aar i Tysvær Sogn findes annoteret udi Agvaldsnæs Preste gields designation». ¹

Dette er ein underleg opplysning, og ein kan spyrja kva som var grunnen til at desse to gardane i Avaldsnes fyrr i tida har høyrte anna kvart år til Tysvær, dit dei elles nå er lagt etter den nye kommuneinndelinga.

Forklaringa på denne for vår tid så uvanlege skipnaden finn me i protokollen til Stavanger domkapitel, der det er innført eit vedtak som etter samanhengen det står i må vera gjort i eit kyrkjemøte (i kapitlet) i 1573. Det lyder slik i noko normalisera skrivemåte:

«Er udi denne synodo saa besluttet - - -. Item efterdi her findes i dette stift saadan skik at adskillige (preste) gjeld haver ett sogn tilsammen eller en gaard, 2 eller 3 eller flere, som 2 sogneprester gjør tjeneste til,

¹ I manntalet 1663 har presten ført opp under Tysvær sokn i teigen husmenn: «Erik i Naffuersvaagen». Navarsvågen var plass under Gismarvik. I manntalet 1664 er Gismarvik og Håstø og husmannsplasset Navarsvågen medteke under Tysvær, og i manntalet 1665 er heilt på slutten etter det omtala notatet likevel teke med baa gardane under Tysvær. Sokneprest Christen Bentson i Avaldsnes har teke dei to gardane med i manntalet i Avaldsnes både i 1663, 1664 og 1665. Denne dobbeltføringa av dei same personane i to prestegjeld og av to prestar syner oss kor lite setande den alderen er som prestane har sett på folk i manntalet frå 1660-åra. Her er opp til 8 års skilnad mellom den alderen Avaldsnespresten set på ein mann og den Skjoldapresten set på same mannen, same året, og ikkje nokon stadene der folk på Gismarvik og Håstø er dobbeltførde av dei to prestane, har baa prestane oppgitt lik alder. Det kan få ein til å lure på kor setande alder og fødeår som finst i dei eldre manntallslistene og andre arkivalia er i det store og heile.

dog hver sit aar eller visse tid om aaret, da er herom saa besluttet, at hvad rettighed hver haver haft af gammel tid skal ingen her efter tage sig den til, men lade hver nyde rente og indkomst den tid om aaret som han tjeneste gjør, og skal hver begynde sit aars tjeneste den neste søndag efter paaske og saa anamme strax renten med visst og uvisst, saa lenge den hans tjeneste varer».

Her får me vita at frå gamal tid — det vil visseleg seia frå den katolske tida, sidan dette berre er ein mannsalder etter reformasjonen — då har det i Stavanger bispedøme vore mange prestegjeld der ein eller fleire gardar, ja opp til ei heil kyrkjesokn eitt år hørde til *eitt* prestegjeld og *ein* prest og neste år til eit *anna* prestegjeld og ein *annan* prest. Me får og vita grunnen til denne skipnaden; det var den måten prestane fekk si løn på før i tida, gjennom naturalytingar. Visse gardar låg til prestebordet, d.v.s. at presten hadde innkoma av dei. Elles hadde presten og kyrkja «visst», og «uvisst», som det heiter. Det var tiend-skatten som gardane laut ut med og dessutan betaling for altarbrød og altarvin og kyrkjelege handlingar slik som brurevigsel, dåp og liktalar.

Grunnen til vedtaket i synoden er berrsynt den at prestane ville ha heimel for at dei og i framtida skal ha dei inntektene, både av «visst» og «uvisst» som hadde fylgt kallet i «den gamle tida». Det er då vel truleg at det har teke til å glida ut, og me kan vel og rekna med at det har kome til noko usemja mellom prestar som såleis skulle dela innkomene frå visse gardar og sokner.

Den gamle skipnaden slik me møter han i 1500-åra og 1600-åra, minner om ei semja, eit *kompromiss*, og det som ligg attanfor det peikar langt attende, kanskje til tidleg i mellomalderen, så tidleg at det ennå ikkje fanst faste prestegjeldgrenser. Det geografiske legjet til Gismarvik og Håstø kan og setja oss på den tanken. Desse to gardane ytst i Førdesfjorden ligg heilt skilde frå resten av Avaldsnes og er grensegardar mot Tysvær. Dei har sjølvsagt frå fyrst av sokna til kyrkja på Avaldsnes, som var den fyrste kyrkja i Karmsund, og kyrkja og presten på Avaldsnes har hatt tienden av gardane. Så fekk Tysvær kyrkja og prest seinare (fyrste gongen nemnt i 1338) i mellomalderen, og me kan tenkja oss at Gismarvik og Håstø har søkt til Tysvær som låg nærare og laglegare til både ved preiker og andre kyrkjelege handlingar. Det kan ha ført til noko usemja om tiend og andre faste utreidsler frå desse

gardane, og presten i Tysvær skulle leva han og, og kyrkja der trong sitt. Så har det vorte til at dei kyrkjelege yfingane av dei to gardane skulle gå eitt år til Avaldsnes og det andre til Tysvær, og den kyrkjelege tenesta skulle dei to sokneprestane byta mellom seg med kvar sitt år, slik det er stadfest i synoden i Stavanger i 1573.

Tiendlista for Avaldsnes for 1663 fortel at det i røynda og var slik at desse gardane svara tiend berre annakvart år til Avaldsnes. Gardane står sist i lista, og presten, Christen Bentson Schaaning, har attmed dei sett ein merknad om at dei to gardane «giffuer deris tiende ickun hvertandit aar hiid». Kyrkjerekneskapane viser det same. I rekneskapen for Avaldsnes for 1698 står at korntienden for Gismarvik og Håstø, 12 spann korn, det året ligg til Tysvær sokn. Året etter er det ført til inntekt på rekneskapen for Avaldsnes, og for år 1700 er der merknad att i rekneskapen om at den det året ligg til Tysvær.¹ Omrekna i vår vekt utgjorde tienden frå dei to gardane 90 - 100 kg korn årleg. Av det skulle prest og kyrkja ha ein fjerdepart kvar, bispen ein fjerdepart og dei fatige i bygda ein fjerdepart, den såkalla bondeluten.

N. H. T.

¹ L. Skadberg: Olavskyrkja og kongsgarden på Avaldsnes s. 145 og s. 155.